LINDÅS KOMMUNE
Seim skule

Dina Dyrhovden

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Wergeland | 13.04.2018 |
| Vår: 18/1267 - 18/11980 | Anne.Wergeland@lindas.kommune.no | |

# Svar på spørsmål frå Kommunalt foreldreutval til samarbeidsutvala ved grunnskulane i Lindås kommune

Spørsmål frå Kommunalt foreldreutval vart handsama i samarbeidsutvalet ved Seim skule 21.februar 2018.04.13.

| **Spørsmål:** | **Samarbeidsutvalet sin uttale:** |
|---|---|
| Kva reglar har skulen for bruk av mobiltelefon i skuletida? | Elevane kan ha mobil med seg på skulen, men den skal liggje i sekken gjennom heile skuledagen.<br>Nokre elevar har fått «klokke» med mobil på arma. Her har skulen sagt at «klokka» må leggjast i sekken på lik line med ein mobiltelefon. |
| Kva erfaringar har ein med desse reglane?<br>Felles uttale | I hovudsak har skulen gode erfaringar med dette.<br>Nokre foreldre ringer i løpet av skuledagen – dette vert tatt opp med foreldra direkte og løyst i kvar einskild sak.<br>Nokre elevar tek telefonen med seg i det skjulte, går på toalettet og ringer heim. Dette vert så langt vi veit «oppdaga» og løyst i samarbeid med eleven og foreldra. |
| Evt - sett frå elevane sine ståstad? | Elevane seier det er litt kjøpepress på mobiltelefonar. Semje om at dette må vi unngå. |
| Evt -sett frå dei tilsette sin ståstad? | Utfordringar vert løyst undervegs. |
| Evt - sett frå foreldra sin ståstad? | Mobiltelefonen er ei stor utfordring generelt. Negative hendingar som meldingar, mangel på «likes», snapper med krenkande innhald etc. er skjult for dei vaksne. Stor fare for at dette skjer også blant barneskuleelevar. |
| Innspel til KFU sitt vidare arbeid? | Kan innføring av «mobilhotell» vere ei løysing? Skulen verdt bedt om å drøfte dette. |

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Benedicte R Rikstad | Kopperdalsvegen 170 | 5912 | SEIM |

**Mottakarar:**

Dina Dyrhovden